

Nasjonal deleksamen i rettsanvending for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

Eksamensvar 2023 – 12. april 2023

Barnevernstenesta i Storevik kommune overtok omsorga for Anna i 2017 etter barnevernslova § 5-1, 1. ledd, bokstav a (barnevernlova av 1992 § 4-12 bokstav a). Anna var då to år gammal. Anna si mor, Mette, var 19 år gammal då Anna blei fødd. I fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker (no barneverns- og helsenemnda) sitt vedtak frå 2017 går det fram at Mette ikkje hadde hatt noko kontakt med Anna sin far under graviditeten eller etter fødselen. Nemnda la i sitt vedtak vekt på Anna sitt særskilde omsorgsbehov. Friviljuge hjelpetiltak var forsøkt og blei vurderte som ikkje tilstrekkelege. Anna sitt særlege omsorgsbehov var ei følge av hennar vanskar med åtferdsregulering. Ho kunne vere svært krevjande i ulike situasjonar. På grunn av Mette sine eigne problem med psykisk helse, klarte ho ikkje å handtere desse situasjonane føreseieleg, med nødvendig grad av sensitivitet og grensesetting. Nemnda peika også på at Mette hadde store problem med å vareta både Anna sin personlege hygiene og hygienen i heimen.

Nemnda vurderte omsorgssvikta som alvorleg, men ikkje i det øvre sjiktet av det som fell inn under nogjeldande barnevernslov § 5-1, første ledd bokstav a. Anna hadde også opplevd kjærlek og omsorg frå Mette.

På tidspunktet for omsorgsovertakinga, budde Mette og Anna i Storevik kommune. Etter omsorgsovertakinga flytta Mette til Lillevik, i ei sokkelleilighet i huset til mor hennar. I ein periode var ho friviljug innlagd ved Storevik sjukehus, psykiatrisk avdeling. Sidan har ho hatt oppfølging ved Distriktspsykiatrisk senter i Storevik (DPS Storevik). Hennar psykiske helse er blitt klart forbetra. Frå august 2021 har ho arbeidd som bussjåfør, i ei fast 80 % stilling, med primært arbeid på dagtid. I fjor sommar blei ho igjen psykisk sjuk, men med god oppfølging frå DPS Storevik var ho tilbake i jobb etter ca. seks månader.

Anna er no åtte år gammal og har budd i fosterheim hos Knut og Kari i Storevik sidan omsorgsovertakinga. Knut og Kari har to barn; Thomas og Tiril som var ti år og 12 år då Anna flytta til dei. Ved omsorgsovertakinga vedtok nemnda at Mette hadde rett til samvær med Anna seks gongar i året, tre timer per gong. Trass i at Mette har vore usamdi i omsorgsovertakinga, har ho samarbeidd godt med barnevernstenesta og fosterforeldra, deltatt på møte, og gjennomført forelderrettleiingskurset Circle of security (COS). Samværsomfanget har i seinare tid auka til åtte helger (laurdag føremiddag til søndag ettermiddag) i året samt ei veke i skolen sin sommarferie. Samværa har fungert godt og Anna har fortalt til barnevernspedagogen som følger opp fosterheimpllasseringa, at ho likar å vere saman med mor si og gleder seg til å treffen henne.

Barnevernstenesta beskriv at Anna har hatt ei god utvikling i fosterheimen. Ho går no 3. trinn på Storevik barneskole, og er på SFO (skolefritidsordninga) etter skoletid. Fagleg har Anna hatt vanskar med å følge klassekameratane. Ho har derfor hatt behov for tett

vaksenoppfølging på skolen. Noko av undervisninga blir gitt som spesialundervisning. Anna har etter kvart arbeidd stadig meir sjølvstendig med skolearbeidet og har tatt igjen noko av det faglege ho har mista.

Både fosterforeldra og skolen har fortalt at Anna slit med å forstå sosiale kodar, spesielt når det gjeld kontaktetablering. Vennane går litt på rundgang, fordi Anna ofte kan vere noko intens. Både fosterforeldra og skolen oppfattar at ho har vanskar med å forstå ikkje-verbal kommunikasjon. Ho misforstår ein del av det jamaldrande seier og gjer. Viss det er ein konflikt på skolen, er Anna ifølge kontaktlærar, ofte involvert, men ho har mykje empati og blir veldig lei seg i etterkant av konfliktar.

På fritida trenar Anna handball. Fosterfar Knut, er trenar for handballaget. Han meiner at Anna opplever stor meistring på handballtreningsa og at ho har etablert god kontakt med ei av jentene på handballaget. Dei to jentene er også ein del saman når dei ikkje trenar handball. Denne jenta er den einaste jamgamle Anna ikkje har kome i konflikt med.

Fosterheimen har vidare opplyst at Anna har behov for tett oppfølging for å kunne gjere lekser og andre praktiske oppgåver i heimen. Ho treng bl.a. oppfølging for å gjennomføre hygiene og tannpuss. «Storebror» Thomas og Anna har ansvar for å lage middag saman ein gong i veka. Det likar Anna veldig godt. Ifølge Thomas klarar ho å oppfatte dei fleste instruksjonar og jobbar ganske konsentrert. Tiril er den i familien som Anna føretrekk når ho skal ha hjelp til skolearbeidet.

Anna har fortalt barnevernspedagogen som følger opp plasseringa, at ho er svært glad i fosterfamilien sin. Fosterfamilien er samstemde i at dei er svært glade i Anna, og at dei ser på henne som ein sjølvsagd del av familien. Anna omtalar Thomas og Tirill som sine søskener og Knut og Kari som «pappa» og «mamma»

Mette brukar å hente Anna og køyre henne tilbake i samband med samværshelgene. Det er ca. to timars køyretur mellom Storevik og Lillevik. Anna har ein tett relasjon til mormor, som også har gjennomført COS-kurset. Når Anna er på helgesesøk hos Mette, vel ho ofte å overnatte hos mormor. No har nyleg mormor pådratt seg alvorlege ryggproblem og ventar på å få gjennomført ein operasjon, før ho deretter må på eit rehabiliteringssenter i fleire veker.

Anna har ved fleire høve gitt uttrykk for at ho ønsker å flytte til mor. Dette har ho sagt til barnevernstenesta sin kontaktperson, mor og fosterforeldra. Ho gjentok dette i samtale med nemndleiar i mars 2023. Ho sa ho hadde «ti-tusen gongar lyst til å flytte til mamma.»

Mette krev no vedtaket om omsorgsovertaking oppheva. Ho hevdar at det er overvegande sannsynleg at ho kan gi Anna forsvarleg omsorg og at ei tilbakeføring ikkje vil gi Anna alvorlege problem. Mette viser også til at ho ved ei eventuell tilbakeføring er viljig til å ta i mot dei hjelpetiltaka barnevernet meiner er nødvendige. Videre hevdar Mette at det må leggast avgjerande vekt på Anna si meining, sidan ho er åtte år. Dersom vedtaket om omsorgsovertaking ikkje blir oppheva, meiner Mette at samværet må aukast. Vidare hevdar

Mette at Anna må gjevast partsrettar i samband med behandlinga av saka i barneverns- og helsenemnda for at Anna sine interesser skal varetakast på best mogleg måte.

Barnevernstenesta meiner på si side at omsorgsovertakinga må opprethaldast, fordi Anna har fått veldig sterk tilknyting til fosterfamilien. Barnevernstenesta hevdar også at barnet sine uttalar i dette tilfellet ikkje kan gjevast avgjerande vekt. Dessutan viser barnevernstenesta til at lovverket ikkje gir grunnlag for å tildele Anna partsrettar i samband med behandling av saka i nemnda. Barnevernstenesta meiner også at omfanget av samværet er tilstrekkeleg slik det er i dag, og at det ikkje er noko som tilseier at det skal aukast.

Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av dei påstandane som er reist i oppgåva.